

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Utsira

Emne: Ting til legedom og vern -
mot sjukdom.

Bygdelag:

Oppskr. av: Thoralf Kvalvik

Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira

G.nr. 31

Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ringar på fingrane har vore brukt som ei råd mot gikt, same kvar helst gikta var i kroppen.

Ringane vart teken i bruk etter ein hadde fått gikta, og ikkje brukt som vern imot å få ho.

2. Ringane var glatte som gifteringar, og var dei av messing eller kopar. Av gull var dei ikkje, men spesiallaga med innrissa giktring på innersida. Dei bruktest om ein so hadde giftering av gull på ein ^{andre} av fingrane.

3. Ringane var å få kjøpt av personar som reiste og rak med småhandel- kramfantar eller fenter som det er brukt å kalla slike handlarar utan fast handelstad.

Prisen på ringane kan ein ikkje godt fastslå no, men den låg i underkant av det ein giftering i gull kosta.

Truleg var det brukt å låna ringane hjå kvarandre -.

4. Det var brukt som reklame at ringane var elektriske, og at dei nett so var serleg effektiv, men korleis dei var gjort elektriske, var det visst ikkje nokon som gjorde seg den minste tanke om.

5. Andre ringar enn dei som bruktest på fingrane for gikta, har ein ikkje høyrd om.

6. Kjenner ikkje til det.

7. Har ikkje kjenskap til det.

8. Kjenner ikkje til det.

9. I ei snor om halsen bar dei ein ting på brystet, som og skulle lækja gikt. Denne tingen var av metall og på skap som ein kross.

Noko nærmare om tingen, kan ein ikkje gjera greie for.
10. Ein kjenner til det var brukt belter, ikkje berre mot gikt men andre sjukdomar ~~og~~ ein kunne lida av, men kva vyrke beltene var laga av, kjenner ein ikkje til.

12412

- 2.
11. Beltene hadde namnet - giktbelte, eller elektrisk belte, og var dei ved brosjyre og kunngjering synt fram med bilete av ein person påkledd belte. Der fekk ein då sjå avbilda elektriske stråler som straumde ut frå belte.
 12. Nærmare utgreiding om sjølve belta kan ein ikkje gje.
 13. Kjenner ikkje til det.
 14. Öyreringar har vore brukt både av kvinner og menn, og burtsett frå damene i å nytta det som stas, er det omlag femti år sidan at det tok slutt.
 15. Ringane var av gull, var trillrunde og i storleik som ein tjuéfemöring er i tvermål. Var tillaga med lås slik at dei utan vandske kunne opnast, takast ut og setjast i öyra att.

Burtsett frå lås og hengsle, var ringane glatte, men den delen av ringen som settest i öyra, var tynnar enn den som var nedst - nedom öyra.



Ringane var festa gjenom eit hol i öyresnippen, noko som ein kan minnst ein gamal skomakar stod til teneste med når det trengdest. Han klemde då fyrst med handa om öyresnippen, slik at snippen vart doven og lite fölsam.

Tok so ei rå poteta eller flaskekork og heldt under snippen med ei hand, og trykte sylen igjenom snippen med andre handa.

Ringene vart sett i utan minste desinfeksjon -ferdig med det.

Bruk av poteta eller kork til underlag når ein stakk med sylen, var for å få sylen langt nok igjenom, slik at holet vart stort nok for ringen.

16. Det var vanleg å ha ein ring i kvart öyra.
17. Öyreringar var brukt for vonde - dårlege auger. Dei var ikkje brukt for nedsett syn i formeining om å sjå noko betre.
18. Det galdt både for born, kvinner og menn.
20. Om andre ting til vern mot sjukdom, veit ein ikkje om. Nemnst kan det at vanleg råttjöra har vore brukt og trudd på som god lækjeråd både for menneskjer og dyr.
21. Tungras - lækjeblad er brukt til å stoppa blodet, når ein har kutta - skore seg.
22. Trollkjerringsråd - Kvakksalvarråd.